

Helseprogram for geit

Retningslinjer for tilsyn, stell og oppstalling av geit



Helseprogram for geit

Gjennomføring av eit helseprogram skal ha som målsetting å

- ◆ fremja trivsel for både geit og røktar
- ◆ betre økonomien
- ◆ sikre gode produkt
- ◆ redusere risikoen for utbrot av sjukdom
 - som er påvist (smittsam og/eller produksjonssjukdom, klinisk og subklinisk)
 - som ein kan forventast som ei fylgje av uheldig miljø, foring og stell
 - som kan koma inn p g a a) nye dyr i besetningen b) anna kontakt med dyr

Grunnlaget for å gjennomføra eit slikt program er fyrst og fremst bygt på at ein har eit godt tilsyn med dyra. Ein kan på den måten bli kjend med dyra, og ein ser snøgt når noko endrar seg med dei. Visse tider av året krev eit betre tilsyn enn elles. Dette gjeld f eks før og under kjeing.

Ein må også laga eit miljø som passar geita. Det krevst kunnskap om korleis geita reagerer med ulike åtferd på ulike miljøtilhøve og korleis miljøet kan gjera geita meir og mindre mottakeleg for visse sjukdommar.

Det trengst kunnskap om fôring av geit. Dette har stor betydning for helsetilstanden og det betyr også mykje for kvaliteten på geitmjolk.

Ein må notera spesielle ting som skjer i fjøset. Sjukdom må noterast på helsekort. Det må gjerast av produsenten sjølv dersom ikkje det ikkje er veterinæren som behandlar.

Vaksinasjonar og parasittbehandling må gjerast når det er påbode eller nødvendig for å halda sjukdommar i sjakk. Dette er tiltak som må vurderast i kvar flokk, då det kan vera store skilnader i behovet for desse tiltaka.

Ein skal også alltid tenkje på sjukdomsførebygging. Ein må isolera sjuke dyr, og ein skal vera svært forsiktig med inntak av nye dyr i besetningen. Dei kan ha med seg mange slags sjukdommar som kan smitta dyr som har vore der frå før. Det er også viktig å behandla sjuke dyr snøgt slik at det ikkje får byggja seg opp eit smittepress i fjøset. Like viktig er det å tenkje på at dyret ikkje må lide i utrensmål.

Det er eit mål at alle blir med i geitkontrollen. Det gjev oversikt over produksjonen til kvar geit i flokken. Det er grunnlaget for avlsarbeidet, og det vil gjera arbeidet med utrangering og påsett mykje lettare.



Tiltak ved ulike årstider eller periodar

Tiltak før avsining

- Kontroll av alle jur og spenar for å plukke ut geiter som det er aktuelt å slakte. Spesielt gjeld det geiter som har hatt mastitt.
- Ta mastittprøver (Besetningsspenepøver)
- Klipping og lusebehandling ved innsett
- Ta avføringsprøver for parasittundersøking (gjerne nokre prøver frå eit par besetningar i bukkeringen kvart år)

Avsining

- Tørrperioden bør vera 8-10 veker.
- Avsiningstida (avsiningprosessen) skal vera kort (ca. ei veke).
- Geiter med dei høgste celletala over fleire målingar, og dei som har dei største forandringane i juret må slaktast. Bruk sesongutskrift frå geitkontrollen.
- Parasittbehandling (ormekur) og klauvklipping
- Kontrollere mjølkeanlegget dersom det ikkje vart gjort om våren.
- Kontroll av hold og korrigerer fôring etter holdet i god tid før kjeing

Før kjeing

- Klipping av geitene, spesielt jur og bakpart
- Vaksinerer mot diaré (enterotoksemi) skal gjerast 3-4 veker før kjeing
- Ordne til bingar og fôringsopplegg for kjea
- Kje skal ikkje gå saman med vaksne geiter dersom arealet er for lite. Gjeld også dersom det ikkje kan dokumenterast at buskapen har vore fri for smittsam sjukdom i mange år.

Ved kjeing

- Kontroll med kjeinga slik at ein veit kven som er mor til kjeet
- Merking av kjeet
- Vask ikkje geita for å fjerna etterbyrdrestar, skrap det vekk om det må fjernast
- Fjern etterbyrd (brenning eller nedgraving)
- Nøye reinhald bruk strø dersom det er nødvendig for å få ein turr bingje
- Råmjølmengda må vera optimal (150-200ml/kg fyrste døgnet)
- Råmjølk frå fleire geiter skal ikkje blandast
- Rein mjølk, ikkje CAE-mjølk til oppforing, heller ikkje til lam
- Ikkje påsett av kje etter mor som tidlegare har kasta eller har hatt andre reproduksjonsproblem

Stell av kje

- Tørr bingje! Kje skal ha tilgang til tett liggeunderlag. Den må vera trekkfri og ha god ventilasjon, men max luftstraum skal ikkje vera over 0,2m/s.
- God hygiene for å unngå parasittar (f eks koksidiar) og andre sjukdomsproblem
- Tilleggsvarme kan vera nødvendig. Kje bør ha 15 - 18°C. Det kan lagast kasser til kjea som gjer det lunt for dei når dei ligg.
- God hygiene i fôringsinnretningar
- Syrna mjølk/mjølkeerstatning gjev mest stabil fôr kvalitet.
- Arealet bør i utgangspunktet vera 0,3m². Kontroller at plassen er stor nok etter som kjea veks.
- Avhorning 2-3 veker etter fødsel - avhorning av bukkekje før 1 veke
- Vaksinerer mot paratuberkulose skal gjerast før kjea er 2 veker gamle der det er påbudt.

Om vinteren

- Fuktig og varmt klima er uheldig. Sjekk temperatur, fuktig himling, fuktig golv og ammoniakklukt
- Rette ventilasjonsfeil, unngå å få luft gjennom dørsprekker, vindauge, vegg. Tett for trekk, max luftstraum 0,5m/s.
- Sjå på inndeling av bingane, bør vera fleksible løysingar. For små bingar kan vera uheldig.
- Rense drikkekar, tette lekkasjar i vassleidningar og drikkekar.
- Bingehygiene må vera god: Turre, reine bingar.
- Kontrollere oppførselen til geitene når dei ét og når dei kviler.
 - Tilsyn med geitene ved avslutning av fôringa
- Mjølketeknikk og hygiene etter anbefalte rutiner
 - Mjølking i sunnheitsrekkefylgje (unge geiter fyrst)
 - Reinhold av mjølkeplass etter mjølking
 - Mjølketeknikk må vera rett
 - Hygiene, hender, jur - vask av hender eller bruk av hanskar
 - Ikkje meir enn 4 enkeltorgan pr mjølkar
 - Bruk prøvekop, ikkje mjølkesøl på pall eller i mjølkestall.
 - God stimulering, minst 10 sek, ei og ei geit – ikkje stimulera mange geiter før ein tek til med mjølkinga. Heller ikkje direkte påsett av mjølkeorgan utan stimulering. Reduserer påsittingstida
 - Ikkje luftinnslepp ved påsett/avtak av organ, heller ikkje sjokkventilering for å tømme mjølkesentralen. Kan sende bakteriar og partiklar opp i juret, samt gje vakuumsvingingar i resten av anlegget. Det kan også skade feittpartiklane i mjølka og gje dårlegare lagringsevne og smak.
 - Rask behandling av mastitt
 - Fargemerking av mastittgeiter

Tiltak før utslepp

- Reparasjon av gjerde og grunder før utslepp
- Fjerne ting frå beitet som kan skade geitene - fjerne all piggtråd
- Klauvklipping og vaksining mot enterotoksemi dersom det er eit problem og det er kraftig vårbeite.
- Kontrollere helsetilstanden og testiklane til bukken

Tiltak i beitesesongen

- Jamn fôring i forhold til beite og vérlag, også med kraftfôr
- Tenk på beitehygiene - for å redusere smitterisikoen frå parasittar som overvintrar i beitet. Kan vera aktuelt å skilja kjea frå dei vaksne på innmarka.
- Kontrollere mjølkeanlegget – heime og på stølen
- Gjennomføre utbetringar etter det som er anbefalt ved kontroll av anlegget.
- Mjølkinga bør foregå i sunnheitsrekkefylgje.
- Kontrollere helsetilstanden til bukken og fôringa av bukken. Den må vera frisk og i godt hold når paringssesongen tek til.
- Vaksining ved avslutta fjellbeitesesong dersom det er problem med diaré på haustbeite (enterotoksemi).
- Fjøsvaske heime når fjøset er tomt.

Rutiner gjennom heile året

Innreiing

- Sjå på miljøkrav som er sett opp for geitefjøs
- Bingearealet bør vera 1,5m²/vaksen geit. Horna geiter krev større plass enn kolla. Inndeling av bingane med bingeskille som kan flyttast
- Eteplassen skal vera brei nok - 40cm/geit. Må setja geitene fast når dei ét dersom det ikkje er fri tilgang på grovfôr.
- Minst to drikkekar/-niplar pr binge. Dersom det er dominante geiter i bingen kan det vera vanskeleg for alle å koma til. Lettar også bingeinndeling seinare.
- Bingeinndeling må vera slik at ein kan gruppera geitene etter alder og hold og etter forventa mjølkeyting.
- Eigen sjukebinge i fjøset for isolering av sjuke dyr
- Kraftfôrlageret må vera godt skjerma frå geitene.

Fôrplan

- Sende inn fôr til analyse, fôringsrutinane kan gjennomgåast saman med rådgjevar.
- Pass på at geitene får nok næring til vedlikehald og produksjon også når beitet tek til å bli dårleg.
- Unngå for svak fôring i sintida
- Gje tilskot av mineral, salt og vitaminer.

Det må vera godt tilsyn i fjøset

- Sjå etter slikt som: "Mobbing", avmagring, pustevanskar, forandringar i ledd og jur, byllar, endra oppførsel o.s.v.
- Kjea krev oppfølging etter som dei veks. Plassbehov, ventilasjon og hygiene.
- Oppfølging ved skader på innreiing og når dyra har behov for det.

God kontakt med rådgjevar og veterinær

Det er viktig at produsent, rådgjevar og veterinær samarbeider ved planlegging eller problem.

Rådgjevaren skal kontaktast ved

- Driftsplanlegging / driftsproblem, fôrplan og utrangeringslister
- Mjølkemaskinkontroll og mjølkingsteknikk og uttak av speneprøver

Veterinæren skal kontaktast ved

- Helseplanlegging - vurdering av helsestatus / råd om tiltak for betre helse i geiteflokk
- Sjukdom, vaksinasjon og prøvetaking evt. obduksjon
- Saneringstiltak (F eks CAE og byllesjuke)
- Oppsett av utrangeringslister

Sjukdom

- Kontakt dyrlege for å sikre mest mogeleg rett diagnose.
- Rask behandling av sjukdom.
- Rask avliving dersom ein ikkje vil behandle eit lidande dyr. Jfr. Dyrevernlova.
- Sjuke dyr skal isolerast i sjukebinge .
- Dyret må fargemerkast.
- Sjølvdaua dyr må obduserast.
- Helsekort må brukast ved all sjukdom eller førebyggjande behandling. Dette må vera lett tilgjengeleg for både eigar og dyrlege.
- Tilbakehaldingsfristar på kjøt og mjølk ved medisinbruk!

Geiter som skal utrangerast

- Geiter som er tomme eller som har kasta
- Geiter med store jurforandringar
- Geiter som har hatt mastitt eller høgt celletal over fleire målingar
- Geiter med dårlege utmjølkingssegenskaper
- Geiter med andre kroniske sjukdommar og høg alder

Når det kjem nye dyr inn i besetningen

- Det skal fylgja med eigenerklæring om helsetilstanden til dyret og til besetningen dyret kjem frå. Helst bør det også vera med veterinærattest.
- Still krav om dokumentasjon på status for smittsame sjukdommar i buskapan dyret kjem frå. Be om å få sjå prøvesvar eller helsesertifikat.
- Dyret må få ormekur og behandling mot lus når det kjem til det nye fjøset.
- Isolering i 14 dagar for å redusera risikoen for smitteoverføring med det nye dyret.
- Bukkar i bukkingen må setjast i god avstand frå geitene.
- Dyr kan ikkje flyttast over fylkesgrensa utan dispensasjon frå distriktsveterinær.



Anbefalte miljønormer i geitefjøs

Temperatur	6-27°C (optimal: 10-18°C)
Fuktigheit	60-80%
Gasskonsentrasjon	Ammoniakk <10 ppm (NH ₃) Karbondioksid <3000 ppm (CO ₂) Hydrogensulfid <0,5 ppm (H ₂ S)
Ventilering	Vinter (30m ³ /time/geit) Sommar (120-150m ³ /time/geit)
Max luftstrøm	Vaksne 0,5m/s Kje 0,2m/s NB Tett kjellar er nødvendig ved plassering av vifte i tak/vegg Hyppig reinhald av vifte og luftinntak
Lys	Vindusareal min. 1/20 av golvflate
Bingearreal	1,5m ² /vaksen geit 0,3m ² /kje
Krybbeplass	0,4m
Golvareal totalt	2-2,4m ² /geit inkludert gangareal
Drikkekar/-niplar	Minst 2 pr bingje à 15 dyr

Retningslinjer for mjølkeanlegg til geit

Vakuumpåspeningsnivå bør ligge mellom 34 og 38 Kpa.

Anleggsvakuumpåspeningsnivå må tilpassast etter dette ut frå løftehøgde og lengde på mjølkeslange

Mjølkeledningen, ikkje for lang (helst ikkje over 40 m), og rett nivellering (5%).

Det er vanskeleg å få til rett nivellering ved lengre mjølkeledning

Det kan bli fleire smålekkasjar og dermed større vakuumpåspeningsnivå ved lang ledning

Pulseringshastighet - 120-180 slag/min

Høgvakuumfasen bør vera over 50%

Lågvakuumfasen (massasjefasen) bør vera over 30% og over 200-250 m.sek.

Kort opnings- og stengingsfase

Sum av opnings- og stengingsfasen bør vera under 20 %

Lang opnings- og stengingsfase kan skuldast små opningar i vakuumpåspeningsnivå, liten reservekapasitet,

Lange pulseringsslangar eller to organ pr pulsator.

Samla luftinnslepp i Mjølkeorganet saman med evt lekkasjar skal ligge mellom 4 og 8 liter pr minutt

Innvendig diameter i lang mjølkeslange skal vera mellom 12,5 og 14,5 mm ved høgmontering

Vakuumpåspeningsnivå og direktekopling av mjølkeanlegget til tanken vil gi meir stabilt vakuumpåspeningsnivå enn berre mjølkepumpe.

Sjekkliste for bruk i geitehaldet

Bruk om nødvendig fleire ark

Produsent nr:										Navn:
Adresse:										
Meieri nr:										
Veterinær nr:				Rådgjevar				-		Navn:
Bygt/ombygt	/ 19									
1.besøk dato:	/ -									
2.besøk dato:	/ -									

Medlem av geitkontrollenBukking:

Tal vaksne geiter: Kje: Totalt: Mjølkestall - Ja: Nei:

Tal bingar og areal:

Binge nr	Areal m ²	Dyretal	Areal pr dyr m ²	Krybbe-plass – cm pr dyr	Mjølke-pall høgd	Pall-djubde	Ant. Drikke- kar	Temp./ Fukt.	NH ₃ /CO ₂ /H ₂ S (ppm)

Oppstalling av bukk:

Areal	Ventilasjon	Trekk	Avst. til geiter	Ventilasjon	Reinhald

Kjebinge:

Areal/dyr	Liggepl.: J/N	Trekk	temp golv	temp 1 m opp	temp nær taket

Ammoniakkppm. Karbondioksid:.....ppm. Hydrogensulfid.....ppm.

Golv

Type	Alder	Slitasje	Skada	Spisse kantar

Innreiing

Type	Alder	Slitasje	Høgd bingeskille	Forhekk	Forbrett

Lystilhøve:

Ventilasjonsanlegg: Plassering av vifte:.....Kapasitet.....


Luftinntak – dimensjonar og antal:.....

Trekk:


Klipping av dyra? Alle: Nokre Ingen Heile dyret Jur/bakpart Tidspunkt:
Klauvskjering ? Alle : Nokre Ingen Tidspunkt:

Bruk av strøy, type og mengde : -----
Utsleppsdato.....Fellesbeite dato:.....Heimebeite:.....Innsett dato:.....

Målsett skisse:



Kjebinge: Temperaturar



Trekk eller andre problem Notér på skisse.

